

Styremøte i Skåbu bygdaufval den 12. januar 2016

Tilstades: Steinar, Johnny, Lars, Sonja og Heidi.

Sak 1/16: Årsmøte med bygdamøte

Dato: 17. februar 2016

Bygdamøte frå kl. 18.30 – 19.30 med tema: "Forskjønning av Skåbu sentrum". Korleis bruke midlane som er avsett i komm. budsjett på best mogeleg måte?

**MØT OPP, OG KOM MED DINE SYNSPUNKT OG GODE IDEAR ☺**

Årsmøte frå kl. 19.30 – til ferdig

Hugs å henge opp plakatar og legge ut på facebook-sida 3 veker før møtet (Ida Aasne og Heidi har ansvar).

Hugs: Skrive årsmelding og sakliste, ansvar Heidi. Varsle alle underutval om at dei må levere årsmelding, ansvar Heidi. Valkomiteen er varsla.

Vi delar ut "Tenk positivt" prisen i år også. Styret er samde om kven som bør få den i år, men det blir ikkje nemnt i referatet, sidan det skal vere hemmeleg til årsmøtet ☺ Hilde tek kontakt med Tone Jacobsen.

Hilde bestiller kake på Noa til møtet. Steinar kjøper kaffe, fløte og brus + serviettar og pappkrus.